

Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

Saksbehandlar:

Ole Martin Alfstad

Arkivsaksnr: 16/198

Arkiv: 103

Behandla av:
Kommunestyret

Møtedato
25.02.2016

Saksnr:
009/16

Høyring - forslag til nytt inntektssystem frå 2017

Utskrift til:

Vedlegg:

2016.25.1. ks notat---forslag-til-nytt-inntektssystem - Kopi.pdf
KS -virkningstabeller Oppland
Høringsinnspill fra arbeidsgruppe - 270116
distriktsindeksen_2015_august kommuner
2017 endring i kostnadsnøkler Tabell4.25
horingsnotat-forslag-til-nytt-inntektssystem-for-kommunene-002

Bakgrunn for saka:


Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut eit høyringsforslag til nytt inntektssystem med høyringsfrist 1. mars 2016. Denne saka gjeld høyringsvar til forslaget om endringar av inntektssystemet for kommunane.

Saksopplysningar:

I utarbeiding av denne saka er det lagt til grunn notat datert 14. januar 2016 frå administrasjonen i KS sentralt og vurderinger gjort av en arbeidsgruppe oppnemnt av rådmannsutvala i Hedmark og Oppland. P.t. (18.2.2016) har ikkje KS eller KS Hedmark og Oppland eller LVK avgitt høyringsuttale

I kommuneproposisjonen for 2016 vart det varsla at regjeringa ville foreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. Forslag til nytt system skulle kome i kommuneproposisjon for 2017. Det vart og understreka at gjennomgangen av inntektssystemet skulle bli sett på i samanheng med kommunereforma.

Kommunen får om lag 75% av inntektene gjennom inntektssystemet som no er under gjennomgang.



Rammetilskott til kommunane i 2016	nasjonalt		ØSK	
<i>Tilskudd (1000 kroner)</i>				
Innbyggertilskudd	119 052 870	95 %	72 539	76 %
Utgiftsutjamning *)			14 646	15 %
Overgangsordning etc			2 348	2 %
Distriktstilskudd Sør-Norge	408 811	0 %	-	
Nord-Norge og Namdalstilskudd	1 611 747	1 %	-	
Småkommunetilskudd	963 501	1 %	5 475	6 %
Skjønnstilskudd	1 854 000	1 %		
Veksttilskudd	440 616	0 %		
Storbystilskudd	459 985	0 %		
Sum rammetilskudd til kommunane - 2016	124 791 530	100 %	95 008	100 %

*) Dagens inntektssystem har lagt opp til ein omfordeling mellom kommunen / utgiftsutjamning for å utlikne kommunane sine ufrivillige kostnadsulemper. Øystre Slidre kommune får til dømes 14,6 mill kr i utgiftsutjamning i 2016.

Forslag til endringar :

Regjeringen sitt forslag til endringar :

- nye kostnadsnøklar for kommunane
- ny modell med skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper
- endringar i regionalpolitisk tilskott

I tillegg gir høyringsnotatet ei oppsummering av skatteelementet i inntektssystemet, utan å fremme konkrete forslag til endringar.

1. Kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga

Høringsnotatet frå regjeringa viser til forslag til nye kostnadsnøklar. Dette er hovudsakleg ein rein oppdatering av dei kostnadsnøklane som gjeld i dag.

Kostnadsnøklar består av eitt sett med kriteriar/ indeksar og vektingar. Dette er ein metode for å utjamne ufrivillig ulemper mellom kommunar. Indeksane er relatert til demografi og andre forhold som kan påvirke utgiftsnivået i kommunane.

KS-administrasjonen meiner at forslaga til oppdatering av kostnadsnøklane er godt faglig fundert

- Det er foreslått auke i vekting av innbyggjarar i barnehagealder (2-5 år) samt to alternativ til kostnadsnøklar .
- På barnehageområdet presenterast to alternativ til delkostnadsnøkkelen.
 - Anbefalinga i høyringsnotatet er å vidareføre kriteriene i dagens kostnadsnøkkelen (Barn 2-5 år, utdanningskriteriet og barn 1 år utan kontantstøtte). Denne delkostnadsnøkkelen forklarar forskjellar i faktisk barnehageetterspørsel mellom kommunane betre enn den alternative modellen.
 - I den alternative delkostnadsnøkkelen er utdanningskriteriet og barn med kontantstøtte erstatta med talet på heiltidstilsette i alderen 20- 44 år, og at barnegruppa utvidast til 1-5 åringar.

Det er og verd å merke seg reduksjon i vekting av knytt til innbyggjarar i alderen 90 år og over og i høve omfang og tal på brukarar innan PU.

Økonomisk effekt

	Endring i kostnadsnøkklene	
	Kroner per innb	kr
540 Sør Aurdal	-689	-2 120 000
541 Etnedal	624	823 000
542 Nord Aurdal	534	3 456 000
543 Vestre Slidre	909	1 968 000
544 Øystre Slidre	108	345 000
545 Vang	247	408 000
		4 880 000

2. Strukturkriterie

Smådriftsulemper – nytt strukturkriterium

Basiskriteriet som del av utgiftsutjevninga i dagens inntektssystem:

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet kompenseras kommuner fullt ut for ufrivillige kostnadsforskjeller i tjenesteproduksjonen. Dette gjelder også for smådriftsulemper. Disse kompenseres gjennom basistilskuddet som for 2016 er et like stort tilskudd på 13,2 mill. kr pr kommune.

- Grunngevinga for å gje full kompensasjon for smådriftsulemper er å sette små kommunar i stand til å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Hittil har ein sett på det å vera liten som en ufrivillig kostnad for kommunen.

Høringsforslaget presenterer og eit opplegg for å skilje mellom **frivillige og ufrivillige** smådriftsulemper, gjennom bruk av eit strukturkriterium for fastsetting av basistilskott. Det måler reiseavstand for den enkelte innbyggjar for å møte 5 000 innbyggjarar (målt med utgangspunkt i grunnkretsens befolkningsmessige sentrum). *Gjennomsnittet for alle kommunen sine innbyggjarar blir kommunens verdi.*

Strukturkriteriet er foreslått brukt til å **gradere** kommunen sitt basistilskott.

Kommunesektoren sin samla inntekter vil ikkje bli berørt av dette, fordi reduksjonen i basistilskott vil bli halde i det samla inntektssystemet. Men det vil gje store omfordelingsverknader mellom kommunane også i høve til kommunar som utanfor hovudmålgruppa frivillige eller ufrivillige små.

Opplegget i høyringsnotatet synast å resultere i at f.eks. alle kommunar med innbyggjarar mellom 10 000- 20 000 tapar på forslaget, medan dei største kommunane kjem best ut i denne modellen.

KS har i sine presentasjonar av forslaget vist til synspunkt på dette momentet. KS meiner at fleire metodar for utrekning av dette tilskottet bør utgreiast før konklusjon blir gjort på dette området.

Økonomisk effekt

	kroner per innbygger			1000 kroner			km gj.sn avstand
	Grense 25,4 km	Grense 16,5 km	Grense 13,3 km	Grense 25,4 km	16,5 km	13,3 km	
Sør Aurdal	-127	396	333	-394	1 226	1 029	21,7
Etnedal	-1 592	396	333	-2 232	555	467	20,1
Nord Aurdal	-948	-704	-503	-6 131	-4 554	-3 252	8,2
Vestre Slidre	-2 499	-759	333	-5 449	-1 654	725	13,6
Øystre Slidre	-1 196	126	333	-3 827	402	1 064	15,5
Vang	538	396	333	871	641	539	25,6

Effekt for Øystre Slidre : avhenger av val av avstandsmål. Dersom 25,4 km blir vald er det etter dette ein negativ effekt på 3,8 mill kr og dersom 13,3 km blir vald kan det bli ein positiv effekt på 1 mill kr jfr KS sine utrekningar.

3. Distriktstilskott

Innanfor dei regionalpolitiske tilskotta er det forslag om at småkommunetilskott, Nord-Norge-/ Namdalenstilskott og distriktstilskott Sør-Norge samlast i to nye tilskott; Nord-Norge-tilskott og Sør-Norge-tilskott.

I høyringsnotatet presenterer ingen forslag til satsar for de nye tilskotta, men det er lagt opp til at :

- småkommunetillegget vil differensierast i høve til kommunane sin verdi på distriktsindeksen (eksisterande indeks for grad av distriktsutfordringar)
- det vil bli gjort justeringar i tilskotta slik at meir enn i dag blir fordelt per innbyggjar

Omleggingane er vurdert å ha størst betydning for kommunane med under 3 200 innbyggjarar. I dag får ikkje kommunar med distriktsindeks over 47 distriktstilskott Sør-Norge (*Øystre Slidre hadde 38 i indeks i 2014*). Blir same kriteria lagt til grunn for småkommune-tillegget vil 22 småkommunar i Sør-Norge med distriktsindeks over 47 miste småkommunetilskottet. Dette er ca 25 pst av kommunane i Sør-Norge som i dag har småkommunetilskott. I Nord-Norge har alle kommunar med småkommunetilskott distriktsindeks under 47 og vil difor ventelig få småkommunetillegg.

4. Skatteutjamning -inntektsutjamning

I høyringsnotatet er det gitt ein skildring av dagens system for skatt og skatteutjamning. Det er ikkje fremma konkrete forslag til endringar i dagens modell, men det er i staden vist til at skatteandel og graden av skatteutjamning er noko som fastsettast kvart år i tilknytning til kommuneopplegget i statsbudsjettet..

Med bakgrunn i at skatteinntekter frå innbyggjarane i Valdreskommunene i var lågare enn gjennomsnittleg skatteinnngang pr innbyggjar på landsbasis , vart valdreskommunane tilført 47,855 mill kr frå skatteutjamninga. Herav 1,5 mill kr til Øystre Slidre kommune i 2015. Dette med bak

		Skatt			Netto skatteutj.
		jan-des 2015			2015
	kommune	1000 kr	kr pr innb	Pst av landsgj.	1000 kr
540	Sør-Aurdal	64 195	20 748	78,50 %	12 880
541	Etnedal	24 754	17 656	66,80 %	9 955
542	Nord-Aurdal	144 388	22 330	84,40 %	17 198
543	Vestre Slidre	50 874	23 337	88,30 %	3 714
544	Øystre Slidre	80 327	25 110	95,00 %	1 530
545	Vang	37 972	23 454	88,70 %	2 578
	Sum	402 510			47 855

Uttale frå nedsett arbeidsgruppe i Rådmannsutvalet i Hedmark Oppland

«For kommunen i Hedmark og Oppland er nivået på inntektsutjevningen av avgjørende betydning da samtlige kommuner i disse to fylkene er minsteinntektskommuner som alle er avhengige av en sterk utjamning for å kunne opprettholde et likeverdig tjenestetilbud.

På dette området slipper ikke departementet «katta ut av sekken». Nivået på inntektsutjevningen i 2017 (og årene framover) presenteres ikke før i kommuneproposisjonen for 2017. Det eneste som omtales er at «ny» selskapsskatt fra 2017 skal være en del av skatteutjevningen.

Regjeringspartiene har tidligere markert en tydelig holdning om at skatteandelen bør økes for å sikre en sterkere lokal forankring til verdiskapning og skatteinntekter. Skatteandelen har imidlertid ikke økt de siste årene.

Skatteandel og graden av inntektsutjevning er åpenbart et «politikkområde» i inntektssystemet som er svært viktig for samtlige kommuner i Hedmark og Oppland.

Arbeidsgruppa vil henstille kommunepolitikerne i de to fylkene til å følge opp dette og argumentere for viktigheten av en sterk skatteutjevning for å sikre et likeverdig og «godt nok» tjenestetilbud i alle landets kommuner. En vesentlig økning i skatteandelen vil ha langt større negativ betydning for kommunene i våre fylker enn andre forslag som er presentert i høringsnotatet på andre områder.»

5. Inndelingstilskudd

Inndelingstilskottet er ikkje ein del av høringsdokumentet.

Nemnte notat frå arbeidsgruppe nedsett av Rådmannsutvalet i Oppland og Hedmark inneheld følgjande kommentar knytt til dette med inndelingstilskottet (tilskott til samanslåtte kommuner som kompensasjon for basistilskott og evt småkommune / distriktstilskott.) :

«Arbeidsgruppa ønsker å påpeke den relativt betydelige økonomiske effekten kommuner som vedtar sammenslåing før ferien i 2016 vil oppnå. KS vil være hjelpelige med å beregne anslått nivå på inndelingstilskudd for de sammenslutningsalternativ som ønsker dette.

Dette er ekstraordinære tilskudd som beholdes i 15 år + en overgangsperiode på 5 år og som finansieres utenfor rammetilskuddet og kun tildeles de kommuner som vedtar sammenslutning i første halvår 2016. Det er vesentlig at finansieringen av dette kommer i tillegg til rammene for sektoren.»

Vurdering:

Utgiftsutjevninga

Rådmannen sin vurdering er at departementet forslag til nye kostnadsnøklar hovedsakelig er en rein oppdatering av de kostnadsnøklerne som gjeld i dag og har ingen vesentlige merknader til de foreslåtte endringene.

Rådmannen viser til at KS-administrasjon har pekt på at vektingen av delkostnadsnøklerne bør oppdateres årlig, slik at man tar hensyn til utgiftsveksten i de ulike sektorene er forskjellig. Rådmannen støtter denne vurderingen.

Smådriftsulemper – nytt strukturkriterium

Forslaget gir store omfordelinger mellom kommuner. KS sine beregninger viser at alle kommuner mellom 10 000 og 20 000 innbyggere taper på forslaget (med en grenseverdi på 25,4 km). Det er kommuner over 20 – 25 000 innbyggere og kommuner under 3 000 innbyggere som tjener på forslaget. Det kan derfor stilles spørsmål ved hvor godt endringen treffer i forhold til å gi et inntektssystem som er mer nøytralt i forhold til kommunesammenslåinger.

Rådmannens vurdering er at det bør bli arbeid meir med denne endringa og at departementet bør sjå på alternative modeller.

Regionalpolitiske tilskudd

Rådmannen ser det som positivt at departementet ynskjer å legge til grunn kjente indekser og indikatorar (distriktsindeks mv) i sine endringsforslag for regionalpolitiske tilskott. Dette skaper samheng i regionalpolitikken og forutsigbarheit for kommunane og forslaga framstår difor som fornuftige.

Skatt

Rådmannen vil peike på at kommunane sitt oppdrag er å gje gode tenester til innbyggjarane og å skape positiv utvikling i lokalsamfunnet. For kommunane i Hedmark og Oppland er nivået på inntekstutjevningen avgjørende for å kunne opprettholde et likeverdig tenestetilbod. I følge KS vil ein reduksjon i den symmetriske skatteutjamninga føre til at nærme 90 % av landets kommunar vil få reduserte inntekter. Redusert skatteutjamning og økt skatteandel vil gjere distriktskommuner, herunder kommunane i Valdres, dårlegare i stand til å gje sine innbyggjarar eit likeverdig tenestetilbod og redusert moglegheit til å auke verdiskapninga i lokalsamfunnet.

Skatteandel og skatteutjamning er imidlertid viktige virkemiddel for omfordeling, og bør difor følgjast nøye av kommunesektoren/KS ved de årlige statsbudsjettbehandlingane

Kommunal selskapsskatt er konjunkturfølsom og meir uforutsigbar i budsjettåret. Det bidrar til endå meir skjeiv inntektsfordeling mellom kommunane.

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret i Øystre Slidre kommune støttar departementets forslag til justeringar av kostnadsnøkane, men føreset at innslagspunktet i ordninga for ressurskrevjande brukara nedjusterast tilsvarande den reduserte vektinga av PU over 16 år.
2. Øystre Slidre kommune ser med skepsis på at forslaget til nytt inntektssystem får negativ effekt i inntektene for kommunar med innbyggartal mellom 10-20.000.
3. Øystre Slidre kommunene meiner at det bør bli brukt meir tid til å vurdere alternative metodar knytt til forslaget til endring av utrekning av basistilskott (strukturkriteriet).
4. Øystre Slidre kommune ser det som viktig at ordning med skjønnskott blir vidareført.
5. Øystre Slidre kommune meiner at dei regionalpolitiske tilskotta er viktige. Dei bidreg til at distriktskommunane kan motvirke negative effektar av distriktsutfordringar. Det er dermed viktig at dei samla bevilgningane til

distriktspolitiske tilskott blir oppretthalde minst på same nivå som i dagens inntektssystem.

6. Øystre Slidre kommune ser det som avgjerande at nivået på inntektsutjevninga (skatteutjamning) blir oppretthalde for at kommunane skal kunne oppretthalde eit likeverdig tenestetilbod.

25.02.2016 Kommunestyret

Behandling:

Magne Mjøs sette fram slikt forslag:

Erstattar eksisterande pkt 2:

Øystre Slidre kommune kan ikkje godta den sterke omfordelinga som er foreslått frå små til store kommune.

Tilleggspunkt:

Pkt 7.

Øystre Slidre kommune avviser at det skal setjast ein sluttdato for inndelingstilskotet. Det vil bety eit veldig tidspress for kommunar som vurderer å slå seg saman

Pkt 8.

Øystre Slidre kommune meiner at inntektssystemet for kommunane skal brukast til å skape likeverdige levekår over heile landet, og ikkje som eit pressmiddel for å få til kommunesamanslåingar.

Gunnar Thue sette fram slikt tillegg til pkt. 5.

Det skal fortsatt gis kompensasjon for utgifter til kommunale tjenester som skyldes lange avstander og spredt bosetting og det er viktig at småkommunetilskuddet blir videreført.

Det vart røysta punktvis

Pkt 1. Samrøystes vedteke

Pkt 2. Forslaget frå Magne Mjøs vart sett opp mot forslaget frå Rådmannen. Forslaget frå Magne Mjøs vart vedteke med 17 mot 4 røyster.

Pkt 3. Samrøystes vedteke

Pkt 4. Samrøystes vedteke

Pkt 5. Samrøystes vedteke med tillegg frå Gunnar Thue

Pkt 6. Samrøystes vedteke

Pkt 7. Vedteke med 18 mot 3 røyster

Pkt 8. Samrøystes vedteke.

KS-009/16 Vedtak:

1. Kommunestyret i Øystre Slidre kommune støttar departementets forslag til justeringar av kostnadsnøklane, men føreset at innslagspunktet i ordninga for ressurskrevjande brukara nedjusterast tilsvarende den reduserte vektinga av PU over 16 år.
2. Øystre Slidre kommune kan ikkje godta den sterke omfordelinga som er foreslått frå små til store kommune.
3. Øystre Slidre kommune meiner at det bør bli brukt meir tid til å vurdere alternative metodar knytt til forslaget til endring av utrekning av basistilskott (strukturkriteriet).
4. Øystre Slidre kommune ser det som viktig at ordning med skjønntilskott blir videreført.

5. Øystre Slidre kommune meiner at dei regionalpolitiske tilskotta er viktige . Dei bidreg til at distriktskommunane kan motvirke negative effektar av distriktsutfordringar. Det er dermed viktig at dei samla bevilgningane til distriktpolitiske tilskott blir oppretthalde minst på same nivå som i dagens inntektssystem. Det skal fortsatt gis kompensasjon for utgifter til kommunale tjenester som skyldes lange avstander og spredt bosetting og det er viktig at småkommunetilskuddet blir videreført.
6. Øystre Slidre kommune ser det som avgjerande at nivået på inntektsutjevninga (skatteutjamning) blir oppretthalde for at kommunane skal kunne oppretthalde eit likeverdig tenestetilbod.
7. Øystre Slidre kommune avviser at det skal setjast ein sluttdato for inndelingstilskotet. Det vil bety eit veldig tidspress for kommunar som vurderer å slå seg saman
8. Øystre Slidre kommune meiner at inntektssystemet for kommunane skal brukast til å skape likeverdige levekår over heile landet, og ikkje som eit pressmiddel for å få til kommunesamanslåingar.

Rett møtebok: